

Kopi: Ordfører
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Meland kommune
Kontrollutvalet

Isdalstø, 14.04.2014
Revisjonsrapport nr.11

Årsrekneskapen 2013

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2013. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 seier at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Rekneskapen er ryddig og oversiktleg. Vi har ingen vesentlege merknader til avstemming og dokumentasjon.

Driftsresultat 2013

Kommunen har eit positivt netto driftsresultat på kr 29,9 mill. som utgjer 6,3 % av sum driftsinntekter. Oppnådd resultat er vesentleg over fjorårets resultat og budsjettert resultat for 2013. Viktige faktorar som påverkar resultatet er auke i frie disponible inntekter på 7,4%, jfr note 17 til rekneskapen medan sum driftsutgifter kun har auka med kr 2 mill. som tilsvarer 0,5%. Liten auke i utgifter og totalt sett små budsjettavvik tyder på god budsjettstyring i driftsrekneskapen i 2013.

Tilskot private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein stor utgiftspost i kommunen sin rekneskap og utgjer om lag kr 48 mill. i 2013. Utbetalinga bygger på eit komplisert regelverk og omfattande oppstillingar i rekneark. For 2013 er utrekninga kvalitetskontrollert av Telemarksforskning. Vi har kontrollert utrekningane til kommunen og Telemarksforskning ved stikkprøver og har ingen vesentlege merknader etter denne gjennomgangen.

Anleggsmidlar sjølvkostområdet

I revisjonsrapport nr 8 kommenterte vi avvik mellom bokført verdi i balansen og avskrivningsgrunnlaget i sjølvkostrekneskapen. I 2013 er dette gjennomgått av økonomikontoret og nødvendige korreksjonar er bokført. Korreksjonane er kommentert i note nr 8. I sjølvkostrekneskapen skal eksterne refusjonar og tilskot redusere avskrivningsgrunnlaget medan desse ikkje reduserer bokført verdi i balansen. Etter gjennomgangen er balansen og avskrivningsgrunnlaget i sjølvkostrekneskapen korrigert. Vi har kontrollert desse føringane og har ingen merknad til det som er gjort. Vi ber om at anleggsmidlane på sjølvkostområdet blir lagt inn i kommunerekneskapen sin anleggsmodul i 2014.

Bankkontoar utanom rekneskapen

Kommunen har nokre bankkontoar som kommunen er eigar av, men som ikkje er bokført i rekneskapen. Dette har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Vi ber om at ein går gjennom dette i 2014 og at bankkontoar som er registrert med kommunen som eigar blir bokført i rekneskapen.

Avsetning for mulige tap på krav

Kortsiktige fordringar inneheld nokre usikre krav. For å dekke tapsrisiko på desse er det i 2013 avsett kr 400 000 i 2013. Avsetninga byggjer på ein grundig gjennomgang av uteståande fordringar og vi har ingen merknad til denne.

Aksjefond

Kommunen har plassert midlar i verdipapirfond. Pr 31.12.2013 er dette fordelt på Skagen Avkastning kr 6,4 mill. og Skagen Høyrente kr 5,4 mill. Avkastning for 2013 er lagt til bokført verdi og utgjer kr 301 844. Dette tilsvarer 2,6 % av bokført verdi 01.01.13.

Plassering i fond har høgare risiko enn bankinnskot. Kommunen bør difor vurdere om oppnådd avkastning forsvare den auka risikoen og om kommunen har tilstrekkeleg fri eigenkapital til å forsvare risikoen ved verdipapirplassering.

Kreditnota

Ved feil fakturering frå kommunen blir det skrive ut kreditnota. Stikkprøver viser at årsak til kreditnota ikkje alltid er påført grunnlaget. Vi ber om at dette blir notert eller dokumentert slik at årsaka til utskriving av kreditnota er lett tilgjengeleg i ettertid.

Kapitalkonto

Kapitalkonto skal være lik anleggsmidler – langsiktig gjeld + unytta lånemidler. I rekneskapen er det eit avvik på denne avstemminga på kr 351 993. Avviket som oppstod i 2010, var kommentert i revisjonsrapport nr 5 og revisjonsmelding for 2010. Differansen har vore uendra dei siste åra og vi ber om at denne blir avklart og korrigert.

Budsjett

På grunn av endringar i ansvar og organisering etter at opprinneleg budsjett for 2013 var vedteke, er det ikkje direkte samanheng mellom budsjettskjema 1B og rekneskapsskjema 1B. Det var også nokre manglande samanhengar mellom budsjettvedtak og saksframlegg i møtebok etter kommunestyresak 114/12. Dette er nærare omtalt under rekneskapsskjema 1B og 2A i rekneskapen. Vår kontroll av budsjettet er difor på overordna nivå og vi viser til nærare omtale av budsjettoppsett i rekneskapsdokumentet.

Årsavslutning og dokumentasjon

Kommunen sitt arbeidet med rekneskapsavslutninga er godt dokumentert. Rekneskapen er ryddig og oversiktleg.

Konklusjon

Dei kommentarar som er teke inn i denne rapporten er ikkje vurdert som vesentlege i høve til årsrekneskapen. Vi har difor avlagt revisjonsmelding utan atterhald eller presiseringar.

Nordhordland Revisjon IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

